

## **Ref. frå styremøte i Eikjabygda Vel 23.02.2015.**

Frå styret møtte Astrid Staurheim, Iselin Valen Dale og Synnøve Sudbø Kleppe. Dag Tengesdal hadde meldt forfall, vara Gro Staurheim møtte for han. Hans Kåre Fossland møtte ikkje.

Nyvalgt leiar Astrid Staurheim ønskte vel møtt til sitt fyrste styremøte.

Utsendt sakliste blei behandla:

1. **Rusken-aksjon:** ønska gjennomført veke 18. Husstyret, v/leiar Augon Eika, blir bedt om å ordne det formelle rundt dette. Han gir styret beskjed når han har fått ein dato, slik at me får det med på NyNytt.
2. **17.mai:** Starte prosessen med å finne ein til å halde tale for dagen fram til neste styremøte.
3. **NyNytt + giro** for medlemskontingenenten bør vera ute i kassene i løpet av veke 10. Få med dato for dei div. arr. så langt det lar seg gjere, utover det må nærmere beskjedar bli gitt via heimesida og på plakater.
4. **Innkome forslag frå Augon:** Han har snakka med ein hjartespesialist på Notodden sjukehus om å komme til grendehuset og halde eit foredrag. Me takkar ja til det, styret får beskjed når han har fått ein dato.
5. **Saker som blei kommentert på årsmøtet, og som styret skulle ta opp:** • Stiftingsåret (1984) skal heretter alltid stå på årsmeldinga. • Misnøye med heimedia vår, [eikjabygda.no](http://eikjabygda.no). Web-gruppa, som i dag bstår av Terje Slåttedalen og Kari Verpe Hynne, blir innkalla til neste styremøte for, saman med styret, å ta ein gjennomgang av ønska me har for heimesida, og evt. grep som må gjerast. - Spørsmål om forsikringa på huset, nokon syntest den var høg. Me gjekk gjennom dagens forsikring som me har i Sparebank 1, og meiner den er god, me ønskjer pr i dag ikkje gjera noko med den. • Det blei på årsmøtet reist spørsmål om me var medlem i Norges Vel, men det er me ikkje, den gjekk konkurs i 2010.
6. **Eventuelt:** Husstyret v/leiar har laga «Internkotrollsysten for Eikjabygda grendehus» - Helse Miljø Sikkerhet, sett i gang januar 2015. Styret har hatt den til gjennomsyn, ser veldig bra ut.

Neste styremøte blir måndag 16. mars kl 19 på grendehuset. Web-gruppa og leiar i husstyret, Augon Eika skal også innkallast.

Møtet slutt kl 20.45

Ref. Synnøve